

Hulda Garborg ateist?

● BREV TIL JÆRBLADET

TOR OBRESTAD, STAVANGER

7. juni stod det to store fine oppslag om Arne og Hulda Garborg.

EG STUSSA PÅ EI SAK. Sigbjørn Reime skriv «ateist Hulda» og fokuserer på ei motsetning mellom henne og presten, Ivar Mortensson Egnund.

Til det siste først: Det er mykje rimeleg at ho kjende seg raukjørt av Regjering og kyrkja nett då. Ho og Tuften hadde jo vorte samde om i detalj korleis dei skulle gjera gravferda, og så kjem styresmaktene og forlangar noko heilt anna, og skyv prest Ivar framfor seg. Det er jo skjerande ironisk, Arne Garborg var jo den beiskaste kyrkjekritikaren me hadde på den tida, han stod følgjeleg heller ikkje i statskyrkja. Og så kjem nett den same kyrkja og insisterer på kyrkjelege ritual. Ikkje rart at Hulda var idle, ho oppfatta med rette at det var eit hån mot mannens minne, og henne sjølv.

Ivar Mortensson var ein god venn. Ho hadde kjent han lenger enn ho hadde kjent Garborg, og ho skreiv to vakre dikt til han, eitt då han fylte 70, og eitt då han døydde.

MEN «ATEIST»? Kor har Reime det frå? Tvert om skriv ho i eit dikt, «Kven er du?» frå diktsamlinga Kornmoe (1930):
«Gud, kven er du? Gud, kvi gøymer du ditt andlet,

kvifor fekk me ikkje
sansar til å råde
dine vegar og
din underfulle stordom?
Så eg spurde tidt (—)
- Då ein dag med
stjerneskrift det skrive ned
på den døkke
djupblå nattehimen:
Eg er i live.
Er i deg og alt som andar.
Og i same stund eg såg
med nye augo,
hørde tonar som
mitt øyra aldri hørde;
hav og himmel,
fjell og vidde, alt var du;
Alt er i rørsle,
alle ting på jordi andar!»

I den same diktsamlinga refererer ho til Gud i fleire andre dikt. Slik skriv ikkje ein ateist!

HULDA FORMULERER om lag det same synest på desse tinga som husbonden skreiv om i det glitrande essayet frå 1895: Troen på livet. Han forfektar eit syn på livet og på Gud som ligg nær det teologiske synet som Helge Hognestad står for i dag. Heller ikkje Arne definerer seg nokon gong som «ateist». Tvert om polemiserer han mot ateistane i fleire artiklar.

Ekteparet er mykje samstemte i desse sakene, og hadde nok snakka om det ved fleire høve. Og dei var nok også samstemte i synet på det Arne kalla «Heidningekyrkja». Sjå elles artikkelen min om Jesus Messias, den ligg inne på www.garborg.no.